




SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Plan for rekruttering og kompetanseheving i landbruket i Sogn og Fjordane 2019



INNHOLD

INNHOLD	1
BAKGRUNN FOR ARBEIDET	3
1. INNLEIING	4
2. LANDBRUKET I SOGN OG FJORDANE	4
3. REKRUTTERING OG KOMPETANSEHEVING I LANDBRUKET	7
4. ORGANISERING AV ARBEIDET	9
5. FORDELING AV MIDLAR	10

BAKGRUNN FOR ARBEIDET

Landbruks- og matdepartementet har i 2019 sett av 14 mill. kr. som skal gå til rekruttering og kompetanseutvikling i landbruket i fylka. Sogn og Fjordane har fått tildelt 1,120 mill. kr. som skal fordelast på korte kurs og langsiktige prosjekt.

Det er etablert ein nasjonal modell for vaksenagronomutdanning, der det er sett av midlar over jordbruksoppgjeret til etablering og drift. Vaksenagronomutdanninga ved Mo og Øyrane vidaregåande skule er finansiert gjennom nasjonal modell for vaksenagronom.

Fylkeskommunen sitt engasjement innan nærings- og samfunnsutvikling i landbruket må sjåast i samanheng med fylkeskommunen sitt næringspolitiske arbeid, utdanningspolitiske arbeid og eigarskapet til Innovasjon Norge. Departementet legg til grunn at fylkeskommunane er aktive deltagarar i arbeidet med dei regionale bygdeutviklingsprogramma, for å bidra til gode koplingar mellom landbruk og anna regionalt utviklingsarbeid og regionale planstrategiar.

Landbruk er ein del av Verdiskapingsplanen, som er ein regional plan for verdiskaping i Sogn og Fjordane. Fylkesmannen si landbruksavdeling (FMLA) har ansvaret for oppfølging av temaområde landbruk i Verdiskapingsplanen.

Med utgangspunkt i departementet sitt tilskotsbrev på landbruks- og matområdet har ei arbeidsgruppe utarbeidd ein plan for kompetanseheving og rekruttering i landbruket i Sogn og Fjordane for 2019. Nærings- og kulturavdelinga ved næringsseksjonen i fylkeskommunen har hatt leiar- og sekretariatfunksjon for arbeidet.

Arbeidsgruppa har vore sett saman slik:

Kristin Arnestad, nærings- og kulturavdelinga Sogn og Fjordane fylkeskommune

Roger Kløtvæit, opplæringsavdelinga Sogn og Fjordane fylkeskommune

Karoline Aldis Bjerkeset, landbruksavdelinga Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Atle Gimmestad, Vestskog SA

Brit Inger Skaar, Sogn og Fjordane bonde- og småbrukarlag

Merete Støfring, Sogn og Fjordane bondelag

Politisk handsaming: Hovudutval for næring og kultur 19. mars 2019

1. INNLEIING

1.1. Overordna mål og retningslinjer for ordninga

I tilskotsbrevet frå Landbruks- og matdepartementet (LMD) slår dei fast at det overordna målet for ordninga er å bidra til rekruttering og kompetanseheving av næringsutøvarar som kan ivareta og styrke verdiskapinga i landbruket regionalt.

Prioriterte område for støtte bør vere:

- Tiltak som bidrar til å styrke rekruttering i landbruks- og gartnarutdanninga og til høgare utdanning i landbruksfag
- Tilskot til kompetansehevande tiltak og støtte til etter- og vidareutdanningstilbod for næringsutøvarar i landbruket

Tilskot skal sjåast i samanheng med andre ordningar for rekruttering og kompetanseheving i landbruket. Det er viktig å tilby regionale etter- og vidareutdanningstilbod som gjev kunnskap som næringsutøvarane har særskilt behov for i den einskilde produksjonen.

Fylkeskommunane vil framleis ha moglegheit for å bruke midlane til rekruttering og kompetanseheving til å supplere finansieringa av eit vaksenagronomtilbod etter nasjonal modell.

Midlane skal ikkje nyttast innan andre sektorområde i fylkeskommunen, til generell drift av utdanningsprogram, eller drift av utdannings- og forskingsinstitusjonar.

1.2. Sentrale og regionale dokument

- Tilskotsbrev til fylkeskommunane på landbruks- og matområdet for 2019
- Jordbruksavtalen for 2019
- Meld. St. 11 (2016-2017) -Endring og utvikling – En fremtidsrettet jordbruksproduksjon
- Regionalt bygdeutviklingsprogram for Vestland 2019-2022 med tilhøyrande handlingsplan for 2019
- Landbruk i Verdiskapingsplanen 2016-2025, rullert i juni 2018

2. LANDBRUKET I SGN OG FJORDANE

2.1 Utviklingstrekk for landbruket og landbruksbaserte næringar i fylket

Sogn og Fjordane er eit småskala landbruksfylke med grovfôrbasert husdyrhald som bærande produksjonar. Landbruket betyr i gjennomsnitt meir for sysselsetjing og verdiskaping i Sogn og Fjordane enn i dei fleste andre fylke i landet. I forhold til resten av landet produserte vi i 2017 6 prosent av kumjølka, 17 prosent av geitemjølka, 6 prosent av storfekjøtet og 9 prosent av saupekjøtet. Samstundes har Sogn og Fjordane berre 2% av folketalet i landet

Jordbruket i Sogn og Fjordane vert stadig meir effektivisert og automatisert, og følgjer utviklinga i resten av landet mot færre og større einingar. Sjølv om tal bruk har gått ned, har vi i hovudsak halde oppe produksjonen på mjølk og kjøt og vi har auka på bær. Tal dyr går ned, og det er dermed færre dyr som nyttiggjer seg dei gode beiteressursane i utmarka.

Fylket har 4,3 % av jordbruksarealet samanlikna med resten av landet. Jordbruksarealet i fylket har blitt redusert, og nedgangen i jordbruksareal har vore relativt større enn resten av landet i perioden 2006-2016, men der utviklinga stoppa opp i 2017.

Framleis er einskilde bruk og mjølkekvarter mindre enn landsgjennomsnittet¹. Eit mjølkebruk i Sogn og Fjordane har 19,7 mjølkekvarter, medan landsgjennomsnittet er 26,9. I gjennomsnitt er den einskilde jordbruksverksemda i vårt fylke mindre enn landsgjennomsnittet.

Bøndene i fylket fornyar seg, og i åra 2008-2018 gav Innovasjon Norge 467 løvvingar til oppgradering eller bygging av nye driftsbygningars. Det er framleis stor pågang etter investeringsmidlar. Dette syner at det er stor vilje og ynskje til å investere og modernisere driftsbygningane i fylket. Det skjer mykje automatisering både i mjølke- og i sauefjøset, men også mykje innan hagebruket. Fram mot 2034 er det stort behov for omlegging frå båsfjøs til lausdriftsfjøs, då om lag 60 % av mjølka no vert produsert på båsfjøs.

Verdiskapinga innanfor jordbruksnæringa i Sogn og Fjordane var berekna til 956 mill. kroner i 2016. Når ein tek omsyn til inflasjon er det ikkje endringar i høve tal frå 2013. I tillegg kjem verdiskapinga i skogbruksnæringa på 151 mill. kroner, tilleggsnæringer på 150 mill. kroner og landbruksbasert næringsmiddelindustri på 986 mill. kroner.

Innan jordbruksnæringa er det mjølkeproduksjon som utgjer hovudtyngda med 58 %, og deretter kjem sauheald med 22 % og frukt og bær på tredje plass med 8 %¹.

Sysselsette i jord- og skogbruksnæringa var 2054 personar i 2017, noko som er ein nedgang på 1373 personar samanlikna med 2005. Utviklinga syner at vi nærmar oss landssnittet i sysselsette i jord- og skogbrukssektoren. Det å ha eit godt fagmiljø vert trekt fram frå fleire gardbrukarar som viktig motivasjon for halde fram med gardsdrifta. Færre sysselsette i jordbruksnæringa gjer at fagmiljøet vert meir sårbart.

Innanfor hagebruket har det vore ei positiv utvikling dei siste åra, særleg når vi snakkar om produksjon av bringebær, plommer og morellar. Vi produserer 66 % av total produksjon av bringebær i landet og 45 % av morellar (2016)³, og fylket er den største produsenten i landet av desse. Men for at vi skal greie å halde på og auka produksjonen samla av frukt og bær, er det stor trøng for nye og yngre utøvarar i frukt- og bærnæringa, meir areal, og auka kunnskap om dyrkingsteknikk og sortar.

Med aukande skogressursar i fylket, og potensiale for verdiskaping, går skogbruksnæringa spennande tider i møte. Det har vore gjennomført ei analyse i regi av Skognæringsforum Sogn og Fjordane, som syner potensiale for verdiskaping.



Skogbruk. Foto: Mo og Øyrane vidaregåande skule

Fylkeskommunen, fylkesmannen og Innovasjon Norge i fylket samarbeidde om prosjektet Tredrivar Sogn og Fjordane, eit prosjekt som skulle medverke til auka verdiskaping knytt til bruk av lokalt trevirke. Prosjektet vart avslutta i 2017. Det er viktig å bygge vidare på resultata av dette prosjektet, samt å nytte den aukande interessa for bruk av tre i bygg.

Om lag 15 % av det produktive skogarealet i Sogn og Fjordane er planta skog. Planting av skog er eit viktig klimatiltak for å binde CO₂, og det er viktig å plante treslag som er effektive CO₂-bindarar og som er etterspurd i marknaden. Mange skogeigarar avverkar skog ein gang i livet, og det er difor ekstra utfordrande å fange interessa deira for skogbruksnæringa. Det er viktig at skogeigaren har kompetanse på korleis stelle og drifte skogen med for eksempel ungskogpleie og tynning.

Landbruksbaserte næringar vart innført i Meld. St. 31 (2014-2015): Garden som ressurs - Marknad som mål, Vekst og gründerskap innan landbruksbaserte næringar. Med landbruksbaserte næringar siktar ein til alle former for næringar med utspring i landbruksnæringa, men som ikkje direkte er knytt opp til tradisjonell produksjon av mat. Det kan vere Inn på tunet, reiselivsaktivitet, entreprenørtenester, foredling av råvarer på eige bruk, kafédrift og mykje meir. For nokon er dette hovudinntektskjelda på garden, for andre er det eit tillegg til den tradisjonelle drifta.

Innovasjon Norge har dei siste åra merka mindre interesse for å utvikle landbruksbaserete næringar. Den største andelen av støtta har gått til utvikling av lokalmat. Det er også noko satsing på Inn på tunet, men hovudutfordringa for desse bedriftene er å få langsiktige avtalar med kjøpargruppa. Det er viktig å legge til rette for at næringsutvikling knytt til landbruksbaserte næringar kan skje, og også å sikre rekruttering til allereie oppstarta verksemder.

Klimautfordringane er sentrale for landbruket framover. Hovudutfordringa innan klimavenleg landbruk er å legge til rette for at næringa i fylket kan drive på ein meir klimavenleg måte, og å tilpasse seg framtidige klimautfordringar. Klimaendringane har historisk sett påverka landbruket, og tilpassing til eit endra klima er ikkje ei ny problemstilling, men mykje av utfordringa i dag ligg i farten desse endringane no skjer i. Endringane byr ikkje berre på utfordringar med endring i vekstsesongane, nye plante- og dyresjukdommar og potensielt mislukka avlingar, men også på nye muligheter. Mellom anna vil eit varmare klima gi muligheter for å kunne dyrke nye typar frukt og bær.

Som andre fylke blir også Sogn og Fjordane råka av eit klima med større variasjonar. Det såg vi i 2018 då det var ekstremt tørt i juni/juli og svært vått i september/oktober. Topografien i Sogn og Fjordane gjer det kostnadskrevjande å sikre seg mot klimaendringane.

Det er ikkje mogeleg å produsere mat utan klimagassutslepp, men ein skal jobbe aktivt for å gjere norsk landbruk meir klimasmart. Å ha eit klimavenleg landbruk og hindre globale klimaendringar er både i bonden og årmenta si interesse.



Slått. Foto: Mo og Øyrane vidaregåande skule.

¹NILF-Notat 2013-15, Verdiskaping i jordbruk, skogbruk og tilleggsnæringar i Hordaland og Sogn og Fjordane og-mat/Jordbruk/Statistikk-innan-landbruk/

²Statistisk sentralbyrå. Statistikkbanken

³ Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

2.2. Mål for landbruket i Sogn og Fjordane

Landbruk kom med som tema i Verdiskapingsplanen i 2016. I Verdiskapingsplanen er hovudutfordringa og målsetjinga auka folketal, med ein ambisjon om ein netto årleg arbeidsplassvekst på 100. Temaområdet Landbruk i Verdiskapingsplanen peikar på nokre satsingsområde, mellom anna rekruttering til landbruket. Vi legg Regionalt bygdeutviklingsprogram i botnen som ein meir omfattande utviklingsplan for landbruket.

I Regionalt bygdeutviklingsprogram for Sogn og Fjordane 2019-2022 er det fokusert på moglegheiter for landbruket i fylket. Programmet består av tre delprogram; regionalt miljøprogram, regionalt skog- og klimaprogram og regionalt næringsprogram. Det regionale BU-programmet peikar mellom anna på følgjande målsettingar i arbeidet framover:

- Å stimulere til eit ope og variert kulturlandskap
- Å legge til rette for miljøvenleg berekraftig skogbruk med auka lønsemd for skogeigarar og verdiskaping for samfunnet
- Auke i lokal verdiskaping med attraktive arbeidsplassar

For å oppnå måla i regionalt bygdeutviklingsprogram er det viktig at næringsutøvarane har høg og relevant fagkompetanse. Rekruttering, kompetanse og tilstrekkeleg med kapital vil vere viktige stikkord for å kunne arbeide mot å nå desse måla.

3. REKRUTTERING OG KOMPETANSEHEVING I LANDBRUKET

For å nå måla om å auke produksjonen i landbruket og i landbruksrelatert næring i fylket, er det viktig å tilby etterspurd kompetanse og fleksible løysingar som gjer at også vaksne kan delta. Her er naturbrukskulane sentrale utviklingsaktørar, saman med andre uformelle læringsarenaer som finst i sektoren. Sameleis er omdømmebygging viktig, å få fram at sjølv om bondeyrket er krevjande, gir det mange kvalitetar, mulegheiter og sjølvstende i kvardagen. I tillegg gir yrket nærliek til natur, noko som kan bli meir og meir verdsett framover. Det er også viktig å synleggjere at næringsmiddelindustri og trerelatert industri gir tilleggsnæring, karriereval og yrkesmulegheiter for mange.

Ei landbruksutdanning i utvikling har kontinuerleg behov for kompetanseheving på område knytt til drift, forskrifter og produksjon. Landbruks- og matsektoren sitt samansette kompetansebehov må difor framhevest heilt frå rekruttering i ungdomsskulen til vidaregåande opplæring, fagskulenivå og høgare utdanning.

I eit rekrutteringsbehov er det viktig å

- synleggjere sektoren sine kompetansebehov og profilere karrieremulegheitene som finst
- styrke bøndene sine nettverk
- imøtekomme behov for krysskompetanse, for på den måten å gi bonden fleire mulegheiter til å utnytte garden som ressurs

3.1 Vidaregåande opplæring

For skuleåret 2018-2019 vart det ved Mo og Øyrane vidaregåande skule teke inn 36 elevar på Vg1, 41 elevar på Vg2 og 36 elevar på Vg3. Til saman 113 elevar, som er ein auke på 15 elevar frå året før. Ved Sogn Jord- og Hagebrukskule vart det teke inn 22 elevar på Vg2 og 24 elevar på Vg3. Samla blir dette 46 elevar, som er ein auke på 3 elevar frå året før.

Tal inntekne elevar på Mo og Øyrane vg skule og Sogn Jord- og Hagebruksskule i perioden 2011-2018.

Skule	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011
Mo og Øyrane (Mo og Jølster t.o.m. 2013)								
- vg1 naturbruk og naturbruk med hest	36(2)	28	25	25	23	17	29	22
- vg2 landbruks- og gartnarnæring + hest og hovslagarfaget	24(1)	21	21	22 (1)	18	23 (4)	27	26
- vg2 landbruks- og gartnarnæring for vaksne*	17(1)	16	15 (2)	18 (1)	15 (2)	13 (2)	16 (3)	12 (1)
- vg3 landbruk + naturforvaltning	20	19	17	18 (1)	22 (2)	7	15	20
- vg3 landbruk vaksne*	16	14	16 (1)	12 (2)	13 (2)	10 (2)	11 (2)	9 (3)
	113	98	94	95	91	70	98	89
Sogn jord- og hagebruksskule								
- vg2 landbruks- og gartnarnæring	22(17)	23 (22)	29 (26)	27 (23)	23 (21)	20 (18)	11 (11)	20 (18)
- vg3 økologisk landbruk	24(18)	20 (16)	23 (16)	20 (15)	21 (17)	14 (12)	13 (10)	17(1 5)
	46	43	52	47	44	34	24	37

Tala er henta fra www.vigo.no, nettstad for søking på vidaregående opplæring. Tal i parentes er elevar fra utanfor fylket.

Vaksne elevar ved Mo og Øyrane vgs (merka med *) er tekne direkte inn til skulen, og tala er difor ikkje henta fra Vigo. Tilboda for elevar vg2 og vg3 vaksenagronom ved Mo og Øyrane vgs vert finansiert gjennom gyremerkte midlar frå Landbruks- og matdepartementet.

3.2 Rekruttering

Det har vore god søknad til studieretning naturbruk ved Mo og Øyrane vidaregåande skule dei fire siste åra. Ein fekk difor godkjennung for å ta inn ein ekstra klasse i 2018, noko som gjer seg utslag med fleire elevar. Også Sogn Jord- og Hagebruksskule har auke i inntekne elevar siste året. Dei gode søkeratala kjem ikkje av seg sjølv, det må ei målretta satsing til frå fleire aktørar. Auka fokus på naturbruk og rekruttering nasjonalt og lokalt i landbruksnæringa sine eigne organisasjonar er medverkande faktorar. Tettare samarbeid mellom næringa og skulen gjennom ulike prosjekt er også viktig.

Mo og Øyrane vidaregåande skule gjennomførte i perioden 2014 – 2016 eit 3-årig rekrutteringsprosjekt for å få fleire til å sökje naturbruksutdanning. Det vart i prosjektperioden gjennomført ulike rekrutteringstiltak som ungdomscamp, skulebesøk, arbeidslivsfag, utdanningsval, hospitering og samarbeid med Sogn og Fjordane bondelag sitt rekrutteringsprosjekt om landbruksdag på Mo for ungdomsskulen i Førde. Prosjektet, som var finansiert med kompetanse- og rekrutteringsmidlar, hadde ein prosjektleiar tilsett i 40 prosent stilling. Prosjektet gav monaleg auke i søkeratala til naturbruksutdanninga i løpet av prosjektperioden, og med grunnlag i dette sökte Mo og Øyrane vidaregåande skule inn eit nytt 3-årig prosjekt i 2017. Grunngjevinga for søkeraden var å halde oppe trykket for å sikre god rekruttering til næringa.



Potetopptaking. Foto: Sogn Jord og Hagebruksskule

Det vil også i kommande år vere viktig med ulike prosjekt retta mot elevar i ungdomsskulen. Såleis vil elevane få kunnskap om næringa og det opplæringstilbodet og yrkesvegar som kan opne seg om dei vel studieretning naturbruk.

3.3 Livslang læring

Vaksne utan landbruksutdanning som tek over gard eller kan tenke seg å bli bonde, treng tilbod om etter- og vidareutdanning innan landbruksfaga. For at utdanninga kan kombinerast med jobb, må tilboda tilpassast og leggast til rette med nettbaserte løysingar. Fleire skular med naturbruk tilbyr slik komprimert agronom- og/eller gartnarutdanning tilrettelagd for vaksne.

Det er no laga ein nasjonal modell for vaksenagronomutdanning, der det er sett av midlar over jordbruksoppgjeret til etablering og drift. Sogn og Fjordane fylkeskommune har fått midlar frå Landbruks- og matdepartementet til finansiering av denne utdanninga ved Mo og Øyrane vidaregåande skule. Dette gjer at finansiering av dette utdanningstilbodet ikkje vert belasta RK-midlane i 2019.

3.4 Mål og tiltak innan kompetanseheving og rekruttering

Mål:

- sikre naturbrukstilbodet i fylket gjennom aktivt rekrutteringsarbeid
- gi fleksible mulehøiter for auka kompetanse hjå aktive yrkesutøvarar i næringa og vaksne som ynskjer å komme inn i næringa
- medverke til auka rekruttering innan tradisjonelt landbruk og bygdenæringar

Prioriterte tiltak:

I eit rekrutteringsperspektiv er det viktig å:

- medverke til auka rekruttering til naturbruk på vidaregåande nivå ved å gi auka kunnskap om landbruket og karrieremulehøiter innan landbruks- og matfag til rådgivarar, lærarar, foreldre og elevar i grunnskulen
- legge til rette for nettverksbyggande aktivitet
- tilby fagkurs knytt til ulike produksjonar og produksjonsmetodar i samsvar med endringar i landbruket, også med tanke på tilpassing til klimaendringane
- legge til rette for auka kunnskap om og synleggjering av bygdenæringar som ein mogleg måte å utvikle verksemda på
- tiltak som byggjer opp omdømet til landbruksnæringa
- kurs som næringsutøvarane har særskilt trond for

Å sikre eit tilbod om agronomutdanning for vaksne i fylket (nettbasert og samlingar) er avgjerande for rekruttering til næringa. Dette tilboden vert no finansiert gjennom andre kjelder og vert ikkje omfatta av midlane i denne planen. Mentorordningar i landbruket er også viktige rekrutteringstiltak. Sogn og Fjordane er eitt av fire pilotfylke i ei nasjonal mentorordning administrert av Norsk Landbruksrådgjeving. Det er sett av 4 mill. kr til ordninga gjennom jordbruksavtalen. Støtte til mentorordning vil såleis ikkje bli prioritert av midlane som denne planen omfatta.

4. ORGANISERING AV ARBEIDET

Plan for rekruttering og grunnlaget for fordeling av midlane er utarbeidd av ei arbeidsgruppe der fylkeskommunen, næringa sine organisasjonar og fylkesmannen er med, jamfør oversikt i innleiinga.

Fylkeskommunen har ansvaret for handsaming av søknadar og vedtak, men organisasjonane og fylkesmannen har i drøftingsmøte høve til å komme med innspel etter at fylkeskommunen har laga ei innstilling.

Tidsplan:

- Januar – evaluering av prosjekt for fjoråret, ferdigstille rapport til departementet og starte arbeid med ny plan
- 1. februar – frist for innsending av rapport til departementet for fordeling av tilskot 2018

- Februar Sende utkast til plan for 2019 til organisasjonane og FMLA for innspel før politisk handsaming. Gjennomføre møte i arbeidsgruppa.
- 19. mars - politisk handsaming av plan for 2019. Utlysing av midlar rett etter handsaming - felles utlysing for korte kurs og langsiktige prosjekt
- 15. april – søknadsfrist på midlar til rekruttering og kompetanseheving
- Medio mai – gjennomgang av innkomne søknadar og framlegg av innstilling frå fylkeskommunen. Organisasjonane og FMLA får komme med innspel

5. FORDELING AV MIDLAR

Midlane til rekruttering og kompetanseheving skal fordelast mellom korte kurs, og meir langsiktige utviklingsprosjekt. Fordelinga skjer etter vurderingar i arbeidsgruppa ut frå mellom anna kvaliteten på prosjekta det vert søkt om støtte til, og kor godt dei treff måla i denne planen. I 2019 er tilgjengelege midlar 1,120 mill. kr. Eventuelle restmidlar frå tidlegare vert lagt på summen til fordeling.

5.1. Rapportering

Dei som får tildelt midlar til ulike tiltak skal rapportere til Sogn og Fjordane fylkeskommune straks etter fullføring. Dette dannar grunnlaget for fylkeskommunen si rapportering til Landbruks- og matdepartementet innan 1. februar 2020 og for vidare vurderingar av plan og prioriteringar.

Rapporten skal innehalde:

- Oppsummering av gjennomført kurs, tiltak og prosjekt, som viser tal deltagarar (på korte kurs) og ei kort evaluering i forhold til måloppnåing
- Fullstendig rekneskap for gjennomførte kurs, tiltak og prosjekt, sett i samanheng med budsjettet i søknaden

Det blir gitt nærmare vilkår i tilskotsbreva frå fylkeskommunen til det einskilde tiltaket/prosjektet.



SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Fylkesrådmannen
Fylkeshuset
Askedalen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 63 80 00
E-post: post@sfj.no
www.sfj.no

Framside: Sogn Jord- og Hagebruksskule